

**Referat, styremøte 20. mars 2013**

**Oslo byarkiv kl 9.30-15.00**

Tilstade: Karin Gjelsten, Cecilie Lintoft, Mads Langnes, Tor Ingve Johannessen, Ole Stian Hovland, Inger Lene Nyttिंगnes (sekr/ref).

Ann Tove Manshaus og Torleif Lind var hindra frå å møte.

**Sak 10/2013. Referat, styremøte 4.-5. februar 2013**

Etter at nokre rettingar er utført er referatet godkjent.

**Sak 11/2013. Landsmøtesaker.**

**- Konstituering, val av møteleiar, bisittar, referent og representantar til å underskrive protokollen.**

Styret diskuterte og vedtok framlegg til representantar.

**- Årsmelding**

Styret gjekk gjennom årsmeldinga og utførte nokre endringar. Det skal lesast korrektur på meldinga før den vert lagt fram.

**- Rekneskap**

Sekretæren gjorde greie for forelaupig årsrekneskap for 2012. Pr. i dag syner resultatet eit overskot på kr 55 361. Dette er no til revisjon og det er venta at årsekneskapet vert redusert med kring 30 000 kr når det reviderte rekneskapet er klart.

**- Fastsetjing av kontingent**

Styret vedtok å gjere framlegg til landsmøtet om å auke kontingenten;

- Personlege/assosierte medlemmer: Kr 950.

- Institusjonar og bedrifter: Kr 1250 pr årsverk som arbeider med arkiv.

- Makspris: Kr 9000.

- Dersom landsmøtet vedtek å endre vedtektene slik at ein opnar for personlege medlemskap vil styret gjere framlegg om å fastsetje kontingenten til kr 200 for personleg medlemskap.

**- Budsjett**

Sekretariatet har utarbeidd eit forslag til budsjett.

Styret vedtok å legge dette fram for landsmøtet.

**- Handlingsplan**

Framlegg til handlingsplan vart utarbeidd av styret på styreseminaret i Berlin 5. februar.

Handlingsplanen er forankra i LLP sin organisasjonsstrategi for 2011-2015 som vart vedteken på landsmøte 2011. Sekretariatet skal utarbeide ein nynorsk versjon av handlingsplanen før den vert lagt fram for landsmøtet.

**- Val av styre**

Styret har motteke valkomiteen sitt framlegg til styre og fagseksjonar. Styret tek dette til følgje.

**- Val av valkomite etter framlegg frå styret**

Styret vart samde om framlegg om representantar til valkomite for neste periode. Sekretariatet skal rette førespurnad til desse om dei ynskjer å ta vervet. I tilfelle nokon av desse takkar nei, har styret

valt ein fjerde person til å ta vervet.

**- Framlegg fremja av medlemmer eller styret**

Styret vil fremje forslag om vedtekstsending vedkomande personlege medlemskap.

**Sak 12/2013. Eventuelt**

**- Kulturløftet 3**

Cecilie Lintoft representerte LLP på oppstartsmøtet for kulturministaren sin fylkesterne i samband med Kulturløftet 3. Ho meldte om eit positivt møte. Det var førebudd eit innlegg frå LLP, men møtet vart avslutta før alle hadde fått kome til. LLP vil prøve å få halde innlegg på eitt av fylkesmøta ministaren skal halde denne våren.

**- Nordisk arkivformidlingskonferanse**

Det nordiske arkivformidlingsnettverket som LLP sitt formidlingsutval har tilknytning til skal arrangere ein arkivformidlingskonferanse i Oslo, hausten 2013. Kulturrådet har teke på seg ansvaret for å vere arrangør og ynskjer LLP og Arkivverket som medarrangør. Formidlingsutvalet har bede om reisestøtte for å kunne delta på førebuingmøta. LLP støtter dette med inntil kr 4677 som er resterande på formidlingsutvalet sin konto. LLP sitt styre ber om å bli fortlaufande orientert.

**- Forskings- og utdanningsutvalet**

Leiar av utvalet har bede om avløyning i 2011, og LLP har ikkje funne ny leiar. Leiar av utvalet har bede om ei avklaring på dette og vidare aktivitet for utvalet. Styret utset saka til eit nytt styre er konstituert etter landsmøte 2013.

**- Orienteringssak**

Riksarkivaren har invitert til eit samhandlingsmøte om arkivdanning og e-forvaltning i midten av april. LLP deltek.